

- reportasjeleder Bjørgulv K. Bjåen
- samfunn@vl.no
- tips til avdelingen: 22 310 395
- flere nyheter på vl.no/samfunn

samfunn

FIKK 500.000 I BOT FOR Å MISTE 80.000 LAKS



Feilmontering førte i 2009 til at det ble hull i laksenoten, og 80.000 fisk slapp ut i havet.

■ Oppdrettsfirmaet Nova Sea må betale en bot på 500.000 kroner for å ha satt opp en uforsvarlig oppsatt laksemerd på Helgeland. Selskapet satte opp laksemerden i Sjona på Helgelandskysten høsten 2008, men noten ble ikke festet til bunnringen i henhold til leverandørens anvisninger. Politiet på Helgeland mener selskapet både har brutt akvakulturloven, straffeloven og forskriften om akvakulturanlegg og har ilagt selskapet en bot på 500.000 kroner. ©NTB

Sier nei til vikarbyrådirektivet

LOs sekretariat ber regjeringen bruke reservasjonsretten mot EUs vikarbyrådirektiv.

– Underveis i prosessen rundt vikarbyrådirektivet har usikkerheten om virkningen av direktivet økt. Det har vært viktig å sikre en bred forankring i forbundene for vårt standpunkt. Det har vi nå fått, sier LO-leder Roar Flåthen.

Han sier at det alltid vil være en avveining om Norge skal implementere et EU-direktiv eller ikke, men viser til at reservasjonsretten er et reelt alternativ.

LO-krav. Mange av LO-forbundene har allerede sagt nei til vikarbyrådirektivet fordi de er usikre på virkningen av direktivet. Uten å få garantier for at dagens bestemmelser kan videreføres uhindret av EØS-reglene, vil heller ikke LO støtte direktivet.

Tidligere har LO-ledelsen stilt en rekke krav til regjeringen for å støtte direktivet. Den rødgrønne regjeringen la fram sine tiltak i desember.

– Samlet sett er LO fornøyd med store deler av regjeringens tiltakspakke. Vi mener denne snarest må gjennomføres med de tillegg som er skissert i LOs høringssvar, sier Flåthen.

– **Ingen garantier.** LO-lederen medgir at det ikke finnes garantier for at direktivet ikke blir implementert selv om LO vender tommelen ned. Derfor er han opptatt av at tiltakspakken regjeringen har gått med på etter krav fra LO, blir vedtatt uansett.

– Hvis regjeringen og Stortinget mot formodning går inn for at direktivet skal implementeres i norsk rett, mener LO det er viktig at direktivet implementeres under den forutsetning at vårt regime for inn- og utleie av arbeidskraft, og de tiltak som regjeringen foreslår for å sikre likebehandling, står seg, sier Flåthen. ©NTB

1 av 5 vil skrote EØS

Liv Jorun Andenes

liv.jorun.andenes@vl.no 22 310 406

Medan Europa-bevegelsen jublar, ropar EØS-motstandarane på debatt om alternative avtalar.

Få nordmenn ønskjer å seie opp dagens EØS-avtale, viser Vårt Lands meningsmåling. Då Europautredningen nyleg la fram sin rapport om EØS-avtalen, blussa EØS-debatten opp i Noreg. No har Norstat gjennomført ei spørjeundersøking for Vårt Land, som viser at motstanden mot EØS-avtalen i Noreg er låg.

Gledeleg overrasking. På spørsmålet «Bør Noreg seie opp dagens EØS-avtale, eller bør vi behalde han?» svarte nær seks av ti, eller 58 prosent, at Noreg bør halde fast på avtalen. Kring to av ti, 21 prosent, svarte at vi bør seie opp avtalen, medan 20 prosent svarte «veit ikkje» på spørsmålet.

– Dette er fantastiske tal. No vart eg veldig glad, bryt Frode Nergaard Fjeldstad ut.


Fjeldstad er generalsekretær i Europabevegelsen, og reagerer med overrasking på at støtta til EØS-avtalen tilsynelatande er så høg.

– Meiningsmålingane den siste tida har gjeve ulike resultat, sjølv om hovudkonklusjonane frå Europautredningen jo er at folk er nøgde med EU-samarbeidet, kommenterer han.

– **Må ha alternativ.** – Det er sjølv sagt ingen som ønskjer at vi skal seie opp EØS-avtalen utan å ha eit alternativ, påpeikar partileiar og statsråd for Kommunal- og regionaldepartementet, Liv Signe Navarsete (Sp).

Rapporten frå Europautredningen viser at EØS-avtalen har ført til ei langt meir omfattande

BØR NORGE SEIE OPP EØS-AVTALEN?



EØS-MEININGSMÅLING

- 58 prosent av dei spurte ønskjer å behalde dagens EØS-avtale.
- 21 prosent av dei spurte ønskjer å skrote avtalen, medan 20 prosent svarte «veit ikkje».
- Dei med låg utdanning er meir skeptiske til EØS-avtalen enn dei med høg utdanning.
- **Undersøkinga** viser også at EØS-motstanden er større på bygda enn i byane.
- **Spørjeundersøkinga** vart utført av Norstat for Vårt Land i perioden 17. til 23. januar 2012. 1.000 personar deltok.

Norstat

«europeisering» av Noreg enn dei fleste har vore klar over. Nei til EU, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, samt store delar av fagrørsla, krev no ei utgreiing av alternative avtalar. I ei spørjeundersøking før jul, utført på oppdrag frå organisasjonen Nei til EU, ville over halvparten av dei spurte vrake EØS-avtalen til fordel for ei handelsavtale med EU. 19 prosent ønskte å halde fast ved EØS-avtalen.

Ikkje skremd. Leiar for styringsgruppa i prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale» let seg heller ikkje skremme av meningsmålinga.

– Mange tenkjer at alternativa til EØS-avtalen anten er EU-medlemskap eller ikkje noko form for avtale i det heile. Difor seier langt fleire nei til EØS når dei får tilbod om ei handelsavtale, seier Jan Olav Andersen.

– Vi treng ikkje ein ja/nei-debatt, vi treng ein debatt om re-



Nyleg la Europautredningen, med Fredrik Sejersted i spissen (i framgrunnen på biletet), fram sin EØS-rapport. Rapporten utløyste ein heftig debatt om EØS-avtalen. Foto: Berit Roald / Scanpix

elle alternativ til avtalen, understrekar Navarsete.

Fjeldstad i Europabevegelsen tykkjer det er meningslaust å setje opp alternativ til EØS-avtalen i spørjeundersøkingar.

– Ingen veit kva alternativa går ut på, og då er det ikkje vits å stille spørsmålet, seier han.

– **Treng debatt.** Professor i statsvitenskap på universitetet i Oslo, Ottar Hellevik, meiner at dei sprikande meningsmålingane nettopp viser at Noreg

treng ein debatt om alternativa til EØS-avtalen.

– Det fortel noko interessant, nemlig at vi i sterkare grad held fast ved det vi har, framfor å velje noko ukjent. Får vi ulike alternativ, er det lettare å velje vekk det kjende, seier han.

EØS-rapporten er ei offentleg utgreiing (NOU), som no vert send på høyring i tre månader. I løpet av hausten skal det kome ei stortingsmelding med forslag til endringar i Noreg sine avtalar, mellom anna EØS.